Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Tilleggsspørsmålnr. 36

Emne: Helsing, fakter og åtferd

Oppskr. av: Johannes Hagen.

(adresse): Leksvik.

Fylke: Nord-Tröndelag

Herad: Leksvik

Bygdelag: Blankbygda

Gard: Röstad nordre

G.nr. 34 Br.nr. 2

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Måter å refse folk på.

Noko slikt som det er spurt om under A. er det ingen tradisjon om i bygda. Om det nokon gong har vori skik med slike refsingar ligg det så langt attende i tida at all tradisjon om det er gløymt.

B. Å sette namn på folk.

4) Å gå på bitjing 1 juledag var det ingen som gjorde, da skulle dei fara til kyrkja og resten av dagen måtte dei vera heime.
I den seinare tida tar iktje folk det så nøye med slikt. Og noko namn finn iktje folk å leggja på dei for det no lenger.
5) Noko serskild namn på den som iktje fekk nytt til jul tjenner eg iktje til; men den laut sitja på stabben som iktje nytt hadde. Og det var ei skam. Den skikken er no gått av bruk; men den gjorde

8821

folk flittige.
6) Nei, utnamn på folk om dei ikkje gjorde det tradisjonelle er ikkje kjent. Men ein som var sein med arbeidet sitt vart gjerne kalla „Jakob ettermiddag". Elles var dei svære til å ha utnamn på folk, det var nesten kvar einaste ein som hadde eit utnamn. Men det var gjernast det sereigne med kvar einskild som dei fekk namn etter, eller ei eller anna utukke dei hadde valda som gav dei namnet.
No er også denne skikken, eller rettare kalla uskikken, gått av bruk.

#

8821

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING